

Valprogram  
**SENERPARTIET**  
2019-2023!



# KOMMUNEREFORM

- Vindafjord kommune skal vera ein eigen kommune også i framtida.
- Spørsmålet om ei kommunesamanslåing må avgjerast ved eit levande demokrati, der innbyggjarane får seia si meining ved ei folkeavrøysting.
- Senterpartiet meiner at geografiske store avstandar må vega tyngre enn krav til folketal.

- nær folk



## BUSETNAD, LANDBRUK OG NÆRINGS LIV

- Kommunen har 9 like viktige bygder.
- Ølen skal vidareutviklast som kommunesenter og tilby regionsenterfunksjonar.
- Det skal vera tilgang til attraktive bustadtomter og allmenn ferdsel til fjell og sjø i alle bygder.
- Attraktivitetsprosjektet «Vakre Vindafjord» skal vidareførast.
- Landbruket er ei svært viktig næring som og er med på å ta vare på kulturlandskap og naturmangfald. Mjølkebonden er bærebjelken i Vindafjord-landbruket.
- Matjord er ikkje ein fornybar ressurs. Ved nedbygging av dyrka jord må det leggjast til rette for nydyrking og erstatningsjord.
- Det skal vera god dialog med grunneigarar i utbygging- og reguleringssaker.
- Kommunen skal ha eit fagleg sterkt landbrukskontor.
- Det skal leggjast til rette for bruk av bioenergi i kommunale bygg.
- Det skal satsast vidare på utvikling av industri og handel og god tilgang på næringsareal.
- Havbruk og fornybar kraft er viktige, framtidsretta næringar.
- Næringsshagen er eit viktig tilbod for bedriftsetablering i kommunen.
- «Handla lokalt» er eit viktig bidrag for å støtta opp om lokale bedrifter.
- Senterpartiet vil jobba for god nett- og mobildekning i heile kommunen.



Senterpartiet

## HELSE OG OMSORG

- Syta for at alle eldre som ønskjer å bu i heimane sine får høve til det.
- Vidareføra dagtilbod med tilrettelagt skyss til begge omsorgsentra.
- Vidareutvikla tilbod i heimetenesta, hjelpemiddel, heimesjukepleie og kreftomsorg.
- Byggja vidare på arbeidet med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.
- Gi tryggleik for alle i bygdene våre ved tilstrekkeleg legeambulans- og brannberedskap.
- Støtta opp om frivillig arbeid og frivilligsentralen.
- Vidareføra førebyggjande arbeid mot rus og ha gode tilbod om ettervern.
- Ha tilbod innan psykisk helse og rehabilitering.
- Auka tilgang for alle gjennom god universell utforming.
- Støtta opp om foreldregrupper med større omsorgsroller.
- Vidareutvikla tilboda i arbeidsførebuande trening og tilrettelagt arbeid.

## BARNEHAGE, SKULE OG UTDANNING

- Me vil ha gode barneskular, barnehagar og SFO i kvar bygd i Vindafjord.
- Det er viktig med god kompetanse i undervisninga.
- God symjeopplæring for elevane.
- Påverka til utvikling av dei vidaregåande skulane i samarbeid med fylke og næringsliv. Ha gode tilbod i næringsretta og praktiske fag.
- Auke i tal lærlingplassar i kommune og næringsliv.
- Effektive transporttilbod for elevane til og frå skulane.
- Effektive og målbare tiltak mot mobbing.



## TURISME

- Vidareutvikla plan for turisme og marknadsføra Vindafjord som turistkommune.
- Ha tilgang til attraktive hyttetomter.
- Etablere fleire ladestasjonar for elbil og boss- og tømmestasjonar for bular.
- Etablere fleire boss- og tømmestasjonar for bular og ladestasjonar for elbil.
- Støtta opp om arbeidet til dei som driv utleige og tenester for turistar.
- Medlemskap i Friluftsrådet Vest.

## KULTUR, OPPVEKST OG INTEGRERING

- Auka tal på elevplassar og tilbod i kulturskolen.
- Vedlikehalda og sikra kyrkjene, kyrkjegardane, musea og historisk materiale i kommunen.
- Følgje opp kulturminneplan.
- Ha ei sentral bibliotekteneste med nærtilbod til alle bygdene.
- Tilby eit variert idrett- og kulturtilbod for barn og ungdom.
- Støtta opp om frivillig lagsarbeid og «storstovene» i bygdene.
- Støtta opp om dei gode festivalane i kommunen.
- Kommunen skal ha ei god integrering av våre nye innbyggjarar.
- Tilby eit variert kultur- og aktivitetstilbod som inkluderer, integrerer og skaper gode fellesskap.

## ENERGI- OG KLIMATILTAK

- Følgja opp energi og klimaplan.
- Ha oppvarming med fornybar energi i eigne bygg.
- Vera positive til planar om utbygging av småkraft, vindkraft, solenergi og bioenergi.
- Arbeida for betre vasskvalitet i fjordane, vassdraga og nytta dei SMIL-midlar ein kan få for slike tiltak.
- Hindra attgroing og støtta opp om tiltak for å opna landskapet mot fjordane.
- Sikra gode drikkevasskjelder.



## KOMMUNIKASJON

- Arbeida for at E134 blir prioritert i Aust-Vest Sambandet
- Vera pådrivar for ei utbetring av riks- og fylkesveggar, som ny E134 gjennom kommunen, F46 Knapphus-Ropeid, F504 Bjoa-Isvik og F514 Ølen-Sandeid.
- Jobba for at Vindafjord er ein trafikksikker kommune.
- Arbeida for utviding og samanhengande sykkel- og gangvegnett.
- Halda fram med å rusta opp det kommunale vegnettet.
- Oppretthalda båttilbod og jobba for ei auke i buss- og taxitilboda. Jobba for framtidretta og effektive kollektivtilbod som «timesbuss» og «hent meg».
- Støtta arbeidet med framtidig høgfartsbane over Haukeli.

## KOMMUNEØKONOMI

- God økonomistyring i Vindafjord gir tryggleik i framtidige tenester.
- Oppretthalda eigedomsskatt for å sikra våre tenester.
- Betalinga for kommunale tenester skal vera på nivå med tilsvarande kommunar.

# VALLISTE • Vindafjord Senterparti 2019



1 Ole Johan  
Vierdal



2 Arild  
Austrheim



3 Anne Cecilie  
Berentsen



4 Josef Blikra



5 Anne Lise  
Døvik



6 Trygve  
Espevold



7 Tor Olav  
Gregersen



8 Liv Anne  
Gryte



9 Jan Idar  
Haugen



10 Solveig  
Hortman



11 Monica  
Hundseid



12 Hanne  
Lundal



13 Nina Karin  
Ramsfjell



14 Ingvild Skare



15 Sandra Christin  
B. W. Skarholm



16 Jone  
Skartland



17 Inga Elise  
Steinsland



18 Johannes  
Vestbø



19 Olaug Marie  
Øen



20 Terje Økland



21 Anders  
Haugland



22 Bjørnar W.  
Skarholm

